



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 54

(2005–2006)

Om lov om endringer i straffeprosesslova m.m. (sakshandsaminga i Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker m.m.)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 7. april 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innhaldet i proposisjonen

I proposisjonen her legg departementet fram forslag om enkelte endringar i reglane om kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker. Dei fleste endringane gjeld sakshandsaminga i kommisjonen, men proposisjonen inneheld også forslag om enkelte andre endringar i straffeprosesslova og i straffelova.

Departementet foreslår at straffeprosesslova får reglar om kva for høve den som har kravd gjenopptaking av ei straffesak, skal ha til å trekkje kravet tilbake etter at kommisjonen har tatt det til følge. Forslaget går ut på at den som har kravd gjenopptaking, kan ta kravet tilbake inntil hovudforhandlinga under den nye behandlinga tek til, og – når motparten samtykkjer – inntil hovudforhandlinga er avslutta. Eit krav om gjenopptaking frå påtalemakta til gunst for domfelte skal likevel ikkje kunne trekkjast tilbake utan samtykke frå den domfelte etter at kommisjonen har gjort vedtak om gjenopptaking og den domfelte er underretta om vedtaket. Ved tilbakekall i samsvar med desse reglane skal saka ta slutt ved at den domstolen som skulle handsame saka, hever saka. Der som saka ikkje har kome fram til denne domstolen, vert saka avslutta ved at kommisjonen gjer om vedtaket om gjenopptaking.

Vidare inneheld proposisjonen eit forslag som vil gje kommisjonen høve til å nekte den domfelte

og forsvararen innsyn i opplysningar ut over det som ligg i dagens reglar. Forslaget går ut på at kommisjonen kan nekte innsyn i opplysningar når dette er strengt naudsynt for å unngå fare for eit alvorleg brotsverk mot liv, helse eller fridom. Før kommisjonen gjer eit slikt vedtak, skal han innhente ei fråsegn om trusselen frå politiet. I proposisjonen er det uttalt at spørsmålet om kva for reglar vi bør ha om høve til å nekte innsyn vil bli vurdert i ein større samanheng i løpet av få år, slik at forslaget her er av mellombels karakter.

I proposisjonen legg departementet også fram forslag om å lovfeste at kommisjonen sine avgjerder om salær er endelege, dvs. at dei ikkje kan klage inn for andre forvaltningsorgan eller for domstolane, og om at kommisjonen kan nemne opp støtteadvokat for den som er krenkt i saka. Vidare foreslår departementet ei endring i reglane om grunngjeving av kommisjonens avgjerder etter straffeprosesslova § 397 tredje ledd første punktum, og ein regel om at det kan skrivast ut politiattest for leiaren, nestleiarane, medlemmene og dei tilsette i kommisjonen og for andre som gjer arbeid eller teneste i saker for kommisjonen.

Forslaga til endring i straffelova 1902 gjeld i hovudsak § 132 a, og går ut på at jamvel den som har kravd gjenopptaking av ei straffesak, som har gitt forklaring til kommisjonen eller som arbeider eller gjer teneste for kommisjonen skal reknast som ein aktør i rettsvesenet, og såleis nyte godt av

vernet etter dette straffebodet. Vidare foreslår departementet at ikkje berre den som har reist søksmål i ein sivil sak, men kvar ein som *er part* i ein sivil sak, er ein aktør i rettsvesenet. Departementet foreslår også at ei tilvising i straffelova § 408 andre ledd til straffelova § 398 blir fjerna. Forslaget er ein konsekvens av at § 398 er oppheva.

Endeleg har proposisjonen forslag om ein forskriftsheimel i straffeprosesslova § 102, knytt til regelen om at påtalemakta kan nemne opp forsvarar (ikkje i kraft).

2 Bakgrunnen

2.1 Etterkontroll av reglane om Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker blei oppretta ved lov 15. juni 2001 nr. 63, og har verka sidan 1. januar 2004. Om bakgrunnen for ordninga, sjå Ot.prp nr. 70 (2000–2001).

Kommisjonen avgjer krav om gjenopptaking av straffesaker. Dersom kommisjonen tar kravet til følge, skal saka handsamast på nytt av ein annan domstol enn den som fastsette avgjerda. Reglane om gjenopptaking av straffesaker står i straffeprosesslova kapittel 27.

Kommisjonen var ei nyskaping i norsk straffeprosess. Då forslaget om å opprette han blei fremma, gjekk departementet inn for at lovendringane skulle etterkontrollerast, jf. proposisjonen side 50. Formålet med etterkontrollen blei utdjupa slik:

«Målet med etterkontroll vil være å undersøke om ordningen har hatt de virkningene som departementet ønsker å oppnå, dvs. om den viser seg å være egnet til å vekke tillit til behandlingen av gjenopptakelsesbegjæringer, og om kommisjonens arbeid har bidratt til å avdekke forhold som kan tale for gjenopptakelse. Det må også vurderes om det er behov for å endre regelverket om behandlingen av begjæringer om gjenopptakelse av straffesaker, og om beregningene av ressursbehov og kostnader har slått til, eller om det er behov for justeringer.»

Om gjennomføringa av etterkontrollen heitte det:

«Det kan gjennomføres flere former for etterkontroll. Den første etterkontrollen bør trolig finne sted etter at ordningen har virket i ett år, og hovedsakelig ta sikte på å undersøke om beregningene av saksmengde, ressursbehov og kostnader er dekkende, eller om de bør jus-

teres. Også åpenbare svakheter i saksbehandlingsreglene bør avdekkes gjennom en slik kontroll. Denne mindre etterkontrollen, som i det vesentlige må bygge på innrapporteringer fra kommisjonen, bør gjennomføres årlig. På noe lengre sikt, dvs. tre til fem år etter at ordningen blir satt i kraft, bør det vurderes å foreta en mer grundig etterkontroll. En slik etterkontroll behøver ikke å begrenses til en analyse av statistikk om ulike sider ved kommisjonens virksomhet, men kan også omfatte empiriske undersøkelser for å finne frem til faktiske virkninger av kommisjonsordningen. For eksempel kan det vurderes om det skal gjennomføres spørreundersøkelser eller dybdeinterjuer av dem som berøres av lovendringen, dvs. siktede, forsvarere, dommere og representanter for påtalemyndigheten.»

Stortinget slutta seg til opplegget for etterkontrollen, jf. Innst. O. nr. 114 (2000–2001) side 9–10.

Kommisjonens behov for ressursar er følgt opp i den ordinære budsjettprosessen. Fordi sakstilfanget har vore klart større enn dei historiske tala for domstolsbehandling av krav om gjenopptaking tilsa, har det vore naudsynt å auke tilskota til kommisjonen. For 2005 vart det opphavlege tilskotet på 7 millionar kroner auka med 2,3 millionar kroner, jf. B. innst. S. nr. 4 (2004–2005) kapittel 468. I tråd med opplegget for etterkontroll står det att å greie ut om det trengst å endre reglane om saksbehandlinga i kommisjonen.

I brev 25. mai og 5. oktober 2005 til Justisdepartementet har kommisjonen sett fram forslag om endringar i straffeprosesslova og i forskrifta om strafferegistrering. Departementet gjorde ei førebels vurdering av forslaga, og sende saka på høyring 3. november 2005.

Arbeidet med å setje i verk den nye tvistelova (lov 17. juni 2005 nr. 90) får innverknad på reglane om gjenopptaking av straffesaker. I den nye tvistelova blir uttrykket «gjenopptakelse» endra til «gjenåpning», og konsekvensomsyn taler for å gjere den same endringa i straffeprosesslova. Det er også aktuelt å ta rettsmidlet kjæremål ut av straffeprosesslova. Desse spørsmåla om endring av straffeprosesslova blir vurderte av departementet i ein eigen proposisjon om iverksetjing av tvistelova. Dei endringane som ligg i proposisjonen her vil, om dei blir vedtekne, bli satt i verk før den nye tvistelova. Forslaga føregrip difor ikkje endringane i kjølvatnet av den nye tvistelova.

2.2 Høyringa

Den 3. november 2005 sende Justisdepartementet på høyring eit notat med forslag til endringar i

reglane om gjenopptaking av straffesaker. Høyringsfristen blei sett til 1. februar 2006. Høyringsnotatet blei sendt til:

Finansdepartementet
 Moderniseringsdepartementet
 Utanriksdepartementet
 Domstoladministrasjonen
 Høgsterett
 Lagmannsrettane
 Oslo tingrett
 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker
 Riksadvokaten
 Politidirektoratet
 Spesialeininga for politisaker
 Datatilsynet
 Stortingets ombodsmann for forvaltninga
 Den Norske Advokatforening
 Den norske Dommerforening
 Forsvarergruppen av 1977
 Norsk forening for kriminalreform (KROM)
 Politiembetsmennes landsforening
 Politiets Fellesforbund
 Rettspolitisk forening
 Straffedes Organisasjon i Norge (SON)

Desse instansane har uttalt seg:

Domstoladministrasjonen
 Høgsterett
 Agder lagmannsrett
 Riksadvokaten
 Politidirektoratet
 Datatilsynet
 Den Norske Advokatforening
 Økokrim

Følgjande instansar har svart at dei ikkje har merknader:

Utenriksdepartementet
 Finansdepartementet
 Fornyings- og administrasjonsdepartementet
 Borgarting lagmannsrett

Under drøftinga av dei enkelte lovforslaga i punkt 3 til 8 nedanfor kjem departementet tilbake til innhaldet i høyringsfråsegnene.

Under høyringa har *Høgsterett*, *Domstoladministrasjonen* og *riksadvokaten* tatt opp spørsmålet om kva for kompetanse Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker bør ha. Det er vist til at enkelte av dei omstenda som etter straffeprosesslova kan gje grunnlag for gjenopptaking utelukkande er av rettsleg karakter, og kan reise kom-

pliserte og prinsipielt viktige rettsspørsmål. Etter synet til desse høyringsinstansane bør det vurderast om saka i slike tilfelle bør høyre under kommisjonen, eller om domstolane bør handsame saka. Vidare har *Høgsterett* uttalt:

«Avslutningsvis vil vi nevne at etter straffeprosessloven § 395 annet ledd oppnevnes kommisjonsmedlemmene (med unntak for lederen) for en periode på 3 år med adgang til én gjenoppnevning. I andre tilfeller hvor krav til uavhengighet er helt sentralt, har en søkt å unngå tidsbestemt oppnevning med adgang til forlengelse. Vi vil reise spørsmålet om det vil være prinsipielt riktigere med et noe lengre åremål, men da uten mulighet for forlengelse.»

Riksadvokaten har tatt opp enkelte andre spørsmål om reglane om gjenopptaking og om arbeidsforma til kommisjonen.

Det spørsmålet om avgrensing av arbeidsfeltet til kommisjonen som både *Høgsterett*, *riksadvokaten* og *Domstoladministrasjonen* har tatt opp, vil bli tatt opp under den meir omfattande etterkontrollen av reglane om gjenopptaking som skal skje om få år, jf. punkt 2 ovafor. Også dei andre spørsmåla vil bli vurderte av departementet i samband med neste trinn i etterkontrollen. Vi går ikkje nærare inn på desse spørsmåla i proposisjonen her.

3 Forslag til reglar om tilbakekall av eit krav om gjenopptaking

3.1 Gjeldande rett. Forslaget i høyringsnotatet

Straffeprosesslova seier ikkje kva som skal skje om eit krav om gjenopptaking blir trekt tilbake. Kommisjonen har vist til eit tilfelle der domfelte ville trekkje kravet etter at kommisjonen hadde avgjort at saka skulle takast opp att, og har foreslått at straffeprosesslova får ei regulering av slike situasjonar. Forslaget frå kommisjonen er inspirert av straffeprosesslova § 341 om retten til å ta tilbake ein anke, og går ut på at straffeprosesslova § 400 skal få eit nytt fjerde ledd med følgjande ordlyd:

«Er gjenopptakelse besluttet, kan den part som har begjært gjenopptakelse trekke begjæringen om gjenopptakelse tilbake inntil hovedforhandlingen begynner, og når motparten samtykker, inntil den er avsluttet. Avgjørelse om å heve saken treffes av den rett som har saken til behandling når begjæringen trekkes.»

Kommisjonen har også tatt opp at det kan komme ei fråsegn som trekkjer kravet attende, etter at kommisjonen har tatt kravet til følgje, men

før saka er sendt til den domstolen som etter straffeprosesslova § 400 andre ledd skal peike ut ein ny domstol for handsaming av saka. Kommisjonen legg til grunn at han i slike tilfelle kan gjere om si eiga avgjerd. Fordi han reknar situasjonen som lite praktisk, foreslår ikkje kommisjonen å ta dette inn i lova.

I høyringsnotatet sa departementet seg samd i at lova bør bli endra slik at ho gir eit klart svar på kva som skal skje når eit krav om gjenopptaking blir trekt tilbake. Departementet slutta seg til forslaget til lovtekst, men gjekk inn for å ta den nye teksten inn som § 400 tredje (ikke fjerde) ledd, og at noverande tredje ledd blir eit nytt fjerde punktum i andre ledd.

Vidare meinte departementet at det bør gå fram av lova at kommisjonen kan gjere om ei avgjerd om gjenopptaking i tilfeller der kravet blir trekt før saka er sendt til domstolen for ny handsaming. Departementet foreslo at dette blir tatt inn i straffeprosesslova § 399, som eit nytt fjerde punktum:

«Dersom den som har satt frem begjæringen om gjenopptakelse ber om det, kan kommisjonen inntil saken er oversendt til retten omgjøre sin avgjørelse om å tillate en sak gjenopptatt.»

Den 2. november 2005 sa Høgsterett dommen i Rt. 2005 side 1401, som mellom anna gjeld eit spørsmål som har slektskap med problemstillinga om kva som skal skje når et krav om gjenopptaking blir trekt tilbake. I denne saka fremma påtalemakta anke over lagmannsrettens dom til gunst for domfelte etter at kommisjonen hadde gjort vedtak om gjenopptaking av same dom, og Høgsterett måtte avgjere om dette vedtaket sto i vegen for å behandle anken. Høgsterett uttalte (avsnitt 12):

«Spørsmålet er ikke løst i straffeprosessloven. Jeg har imidlertid vanskelig for å se at en innvilget gjenopptakelse skal stenge for å behandle en anke til fordel for domfelte i dette tilfellet. Så vel påtalemyndigheten som domfelte ønsker anken behandlet. Hensynet til partene tilsier da at gjenopptakelsen stilles i bero. Dersom utfallet av behandlingen blir at Høyesterett avsier ny dom eller opphever lagmannsrettens dom, vil gjenstanden for gjenopptakelse bortfalle, og Høyesterett har vurdert den påberopte feil. Motstridende hensyn er det da neppe. At anken ikke fører frem, er formentlig ganske teoretisk».

Som det går fram, kom Høgsterett til at avgjerda om gjenopptaking i dette tilfellet ikkje sto i vegen for å behandle anken. Høgsterett viste mellom anna til det partane ynskte. Ut over dette siste seier nok ikkje dommen mykje om kva for konse-

kvensar det har eller bør ha at eit krav om gjenopptaking blir trekt tilbake. I saka i dommen sto valet mellom gjenopptaking og ei ankebehandling der retten skulle ta stilling til det som var hevda å vere feil ved lagmannsrettens dom. I spørsmålet om kva som skal skje når eit krav om gjenopptaking blir trekt tilbake, vil valet i dei fleste tilfelle stå mellom gjenopptaking og at avgjerda blir ståande utan ytterlegare prøving.

3.2 Høyringsinstansane sitt syn

Politidirektoratet og *Den Norske Advokatforening* er samd i forslaget i høyringsnotatet.

Agder lagmannsrett har uttalt:

«Forslaget tiltres med den reservasjon at en begjæring fra påtalemyndigheten om gjenopptakelse til gunst for siktede, heller ikke bør kunne trekkes uten samtykke før hovedforhandlingen begynner.»

Riksadvokaten har uttalt at den som har kravd gjenopptaking, bør kunne trekkje kravet også etter at kommisjonen har tatt kravet til følge. Han har vist til at ein domfelt kan ha gode grunner for å trekkje kravet, og at denne løysinga er den som gir best samanheng i systemet. Riksadvokaten har peika på at eit tilbakekall i nokre tilfelle vil kunne skyldast press frå andre, til dømes frå den som eigentlig er skyldig, men at dette er så vidt spesielt at den generelle risikoen for dette ikkje bør gjere at høvet til å trekkje kravet fell heilt bort. Vidare viser riksadvokaten til eit forslag frå ØKOKRIM om at kommisjonen skal kunne overprøve eit tilbakekall av kravet (sjå straks nedanfor), og nemner at det også kan vere grunnar for at ein slik overprøvningsfunksjon skal leggjast til den nye domstolen som skal behandle saka. Han peikar også på grunnar for at påtalemakta skal kunne sette seg imot at kravet blir trekt. Alt i alt meiner riksadvokaten at det er «tvilsomt om det er tilstrekkelig grunn til å innføre slike «godkjenningsregler».

ØKOKRIM har eit noko anna syn, og uttaler:

«ØKOKRIM er av den oppfatning at samfunnets selvstendige interesse i at uriktige domsavgjørelser blir vurdert på nytt bør ha vesentlig betydning.

Domfeltes rett til i medhold av strpl § 341 å trekke anken inntil ankeforhandlingen begynner (og når motparten samtykker, inntil den er slutt) gjelder en situasjon som etter vårt syn ikke er tilstrekkelig sammenlignbar.

I gjenopptakelsessaker foreligger det en rettskraftig dom. Begjæringen er tuftet på at domfelte faktisk mener seg uskyldig dømt og at

det foreligger nye bevis i saken eller særlige omstendigheter som støtter opp under domfeltes anførsler. Situasjonen vil her være at Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker har funnet grunnlag for å gjenoppta straffesaken basert på domfeltes begjæring samt egne undersøkelser og vurderinger av saken. At domfelte i denne situasjonen skal kunne trekke tilbake begjæringen om gjenopptakelse og heve den nye straffesaken synes ikke å være riktig. Kommisjonens vurderinger bør tillegges så vidt stor vekt at man må anta at det er grunnlag for å prøve saken på nytt for å få en riktig avgjørelse. At domfelte i denne sammenhengen av en eller annen grunn har valgt å trekke begjæringen, bør ha mindre betydning i forhold til rettsapparatets interesse i riktige domsavgjørelser. De prosessøkonomiske sidene ved at man trekker saken bør av samme grunn ikke kunne tillegges betydning.

Et annet forhold er at det må oppfattes som en reell terskel å begjære gjenopptakelse av straffesaker. Det sentrale er å fange opp uskyldig dømte. I det ideelle samfunn skulle det bare vært de uskyldig dømte som begjærte saken gjenopptatt. Men realiteten er noe annerledes, og de domfelte setter i gang et betydelig apparat ved sin begjæring. Dersom den domfelte har mulighet til å stoppe prosessen når han ser at utfallet kan bli ufordelaktig for han selv eller eventuelle medskyldige som tidligere ikke har vært domfelt i saken, vil man kunne legge til rette for flere begjæringer tuftet på falske nye bevis.

Dersom man faller ned på hovedlinjene i Gjenopptakelseskommisjonens forslag, bør det imidlertid legges inn en sikkerhetsventil om at Kommisjonen kan overprøve tilbaketrekkingen fra domfelte. Dermed sikrer man i spesielle saker samfunnets selvstendige interesse i at uriktige domsavgjørelser blir vurdert på nytt.»

3.3 Departementet sitt syn

Departementet held fast ved at lova treng reglar om kva som skal skje når eit krav om gjenopptaking blir trekt tilbake. Departementet har kome til at innhaldet i reglane bør være i samsvar med forslaget i høyringsnotatet, med den endringa at påtalemakta ikkje utan samtykke skal kunne trekkje eit krav om gjenopptaking til gunst for den domfelte etter at kommisjonen har vedtatt at saka skal tas opp att, og den domfelte har fått melding om dette.

Departementet er samd med ØKOKRIM i at det er ein vesentlig skilnad mellom å trekkje ei anke under handsaminga av ei straffesak for domstolane og å trekkje eit krav om gjenopptaking etter at kommisjonen har tatt kravet til følgje. I den

siste situasjonen har kommisjonen funne grunnlag for gjenopptaking, medan det ikkje finst ein tilsvarende indikasjon på at ein anke har gode grunnar for seg. Samfunnet si generelle interesse i at det er grunnlag for dei straffedommane som blir sagde, taler for det ikkje skal vere opp til den som har kravd gjenopptaking åleine å ta stilling til om avgjerde frå kommisjonen skal bli realisert. Som både ØKOKRIM og riksadvokaten peikar på, treng det heller ikkje alltid vere aktverdige grunnar til at ein domfelt trekkjer kravet.

Samstundes legg departementet vekt på at det er den som har satt fram kravet, som har satt i gang saka for kommisjonen. Med eit slikt utgangspunkt er det ikkje openbart rett å leggje større vekt på samfunnet si generelle interesse i at saka tas opp att enn på interessa til den som kom med kravet. I tilfelle der det var ein domfelt som kravde gjenopptaking, vil dessutan påtalemakta i mange tilfelle kunne be om at saka blir tatt opp att. Ein rett til å trekkje sitt eige krav inneber såleis ikkje ein fullstendig kontroll for den domfelte med omsyn til om saka skal takast opp att. Vidare legg departementet vekt på at gjenopptaking av ei straffesak er ressurskrevjande, og at reglane difor ikkje bør leggje opp til at det blir tatt opp saker der korkje omsynet til domfelte eller vektige samfunnsinteresser tilseier det. På denne bakgrunnen har departementet kome til at lova bør gå ut på at den som har satt fram krav om gjenopptaking, kan trekkje kravet tilbake inntil hovudforhandlinga under den nye behandlinga tar til, med den følgje at saka ikkje skal behandlast på ny. Korleis saka reint teknisk skal avsluttast, blir kommentert nedanfor.

Departementet har vurdert om det bør vere ei form for «godkjenning» av tilbakerekall, ved at anten kommisjonen eller domstolen skal vurdere om saka likevel skal prøvast på ny når eit krav blir trekt tilbake, eller om avslutning av saka bør krevje samtykke frå påtalemakta, slik riksadvokaten har nemnt. Når departementet ikkje går inn for det, er det langt på veg av same grunnar som taler for at den som har satt fram eit krav om gjenopptaking bør kunne trekkje kravet. Kommisjonen, som kanskje ville være den næraste til å få eit inntrykk av at tilbakerekall treng overprøving, har ikkje tatt opp dette spørsmålet.

Departementet er samd med Agder lagmannsrett i at påtalemakta ikkje utan samtykkje bør kunne trekkje eit krav om gjenopptaking til gunst for ein domfelt når kommisjonen har tatt kravet til følgje. I slike tilfelle er det lite rimelig at den domfelte, dersom han eller ho ynskjer gjenopptaking, skal måtte starte prosessen på ny for å få dette til. I tilfelle der heller ikkje den domfelte ynskjer gjen-

opptaking, kan saka bringast ut av verda ved eit enkelt samtykke. Det avgjerande tidspunktet for når påtalemakta ikkje lenger kan trekkje kravet utan samtykkje frå den domfelte, bør vere når den domfelte har fått underretning om avgjerda frå kommisjonen.

Konsekvensen av at ein part trekkjer eit krav i samsvar med dei reglane departementet foreslår, er at saka ikkje skal takast opp att, og at den avgjerda som kravet galdt, blir ståande uendra. Dersom prosessen er komen så langt at kommisjonen har vedtatt gjenopptaking og det er peika ut ein domstol etter § 400 andre ledd som har mottatt saka, blir saka avslutta ved at denne domstolen hever saka. Dersom prosessen ikkje er komen så langt, blir saka avslutta ved at kommisjonen gjer om vedtaket sitt, eventuelt berre avsluttar saka dersom vedtak ikkje er fatta, jf. forslaget til § 399 fjerde punktum.

4 Forslag om høve til å nekte innsyn i opplysningar når innsyn kan gi fare for eit alvorleg brotsverk mot liv, helse eller fridom

4.1 Gjeldande rett. Forslaget i høyringsnotatet

Straffeprosesslova § 398 andre ledd seier at «[d]ersom kommisjonen under saksforberedelsen innhenter eller mottar opplysninger av betydning for avgjørelsen, skal siktede og påtalemyndigheten gjøres kjent med opplysningene og få uttale seg om dem». Unnatak frå plikten til å informere den som er sikta, gjeld for opplysningar han ikkje har rett til å gjere seg kjend med etter § 264, jf. § 267. Etter tredje ledd gjeld reglane om dokumentinnsyn i §§ 28, 242, 242 a, 264 og 267 på same måte. Kommisjonen kan gjere unnatak frå innsyn i dokument som kommisjonen har utarbeidd for si interne saks-handsaming.

Kommisjonen har vist til utgangspunktet om kontradiksjon, men også peika på at det i einsskilde saker er naudsynt å verne vitne. Etter kommisjonen sitt syn gir reglane i dag ikkje i tilstrekkelig grad rom for dette. Etter § 242 a kan den som er sikta og forsvararen bli nekta innsyn blant anna dersom det, om innsyn blir gjeve, kan vere fare for eit alvorleg brotsverk mot liv, helse eller fridom. Men denne føresegna gjeld berre for opplysningar som påtalemakta ikkje vil gjere gjeldande som prov i saka. Dersom retten ikkje gjev påtalemakta medhald i kravet om å nekte innsyn etter § 242 a, kan påtalemakta fråfalle tiltala. Det har ikkje kommisjonen høve til.

Som del av grunngevinga for at det trengst ein ny regel om høve til å nekte innsyn, viser kommisjonen til ein situasjon der ein domfelt krev gjenopptaking, og gjer gjeldande eit nytt vitne som han eller ho meiner vil forklare seg slik at saka må takast opp att, jf. straffeprosesslova § 391 nr. 3. Ved avhøyr av vitnet kan det vise seg at forklaringa ikkje støtter kravet om gjenopptaking. Situasjonen kan til og med vere den at forklaringa taler for at den domfelte er skuldig i det han eller ho er dømd for. Samstundes finst det opplysningar i saka som tyder på at det kan vere fare for eit alvorleg brotsverk mot livet, helse eller fridomen til vitnet dersom den domfelte får innsyn i forklaringa frå vitnet. I slike tilfelle meiner kommisjonen at han bør ha høve til å nekte innsyn. Kommisjonen har foreslått eit nytt tredje ledd i § 398, med slik ordlyd:

«Kommisjonen kan nekte domfelte og forsvareren innsyn i opplysninger når det, om innsyn gis, vil være nærliggende fare for at det vil begås en alvorlig forbrytelse som krenker eller utsetter for fare noens liv, helse eller frihet. Før avgjørelsen treffes, innhentes uttalelse fra politiet.»

Som det går fram av ordlyden, ligg det i forslaget at kommisjonen skal hente inn politiet sitt syn på trusselen før han gjer vedtak om å nekte innsyn. Vidare går forslaget ut på at ei avgjerd om å nekte innsyn skal vere endeleg.

I vurderinga før høyringa viste *departementet* til at det er mykje som tyder på at lovbrytarar i større grad enn før er valdelege mot dei som har opplysningar i straffesaker, eller trugar dei med vald, og at det ikkje er overraskande at denne utviklinga viser seg jamvel i saker om gjenopptaking. Straffeprosesslova § 242 a om unnatak frå retten til innsyn gjeld for kommisjonen, men gir ikkje like godt vern i saker om gjenopptaking som i vanlege straffesaker. Føresegna gjeld berre for opplysningar som påtalemakta ikkje vil gjere gjeldande som prov i saka, og gir påtalemakta høve til å fråfalle tiltala dersom ho ikkje får medhald i kravet om å nekte innsyn. Kommisjonen har ikkje høve til å fråfalle ei sak om gjenopptaking. Å nekte innsyn kan i enkelte tilfelle vere den einaste måten å verne eit vitne på. Samstundes viste departementet til at innsyn og kontradiksjon er grunnleggjande retts-tryggleiksprinsipp som ein skal vere varsam med å gjere innhogg i. Kjennskap til saksdokumenta er ein føresetnad for å kunne ta til motmæle, og ein lyt ta omsyn til at avgjerder frå kommisjonen ikkje kan overprøvast på anna måte enn ved sivilrettsleg søksmål.

Departementet bad høyringsinstansane gje sitt syn på spørsmålet om utvida rett til å nekte innsyn, og på om det er andre måtar å gi vitna betre vern på enn å snevre inn retten til innsyn. Som døme på eit anna tiltak nemnde departementet å utvide straffelova § 132 a om motarbeiding av rettsstellet til også å gjelde ein som forklarar seg for kommisjonen og dei som arbeider eller gjer teneste for kommisjonen.

4.2 Høyringsinstansane sitt syn

Dei fleste høyringsinstansane som har hatt merknader til nokon del av høyringsnotatet, har hatt merknader til spørsmålet om høve for kommisjonen til å nekte innsyn. Det er stor skilnad i korleis høyringsinstansane ser på dette spørsmålet.

Agder lagmannsrett har uttalt:

«Jeg er enig i forslaget, som synes å ha fått en rimelig avgrensning. Det er dessuten naturlig at medlemmer av kommisjonen og vitner gis samme vern som aktører i rettsvesenet etter straffeloven § 132 a.»

Riksadvokaten er òg samd i forslaget frå departementet og uttaler mellom anna:

«Når påtalemyndigheten vil unnta opplysninger etter straffeprosessloven § 242 a, må den som kjent legge fram spørsmålet for tingretten, og opplysningene kan ikke påberopes som bevis i saken. Får påtalemyndigheten medhold i at dokumentet skal unntas, vil det altså ikke bli kjent for den instansen som dømmer i saken. Noe slikt skott mellom den som unntar dokumentet og kommisjonen som sådan er det vanskelig å innføre slik kommisjonens arbeid er organisert.

På den annen side kan kommisjonen – som departementet peker på – ikke frafalle en sak selv om den vurderer trusselsituasjonen slik at det å gi domfelte innsyn, kan medføre fare for andres liv, helse eller frihet. Normalt vil jo et frafall nettopp være til skade for domfelte. – I prinsippet kan man tenke seg at kommisjonen beslutter gjenopptakelse med den virkning at domfeltes innsynsbehov faller bort, men det ville være prinsipielt uakseptabelt. At påtalemyndigheten frafaller en tiltale for å unngå slike følger kan være beklagelig, men å bringe en rettskraftig dom ut av verden for å unngå innsyn, kan ikke forsvares.

Hensynet til sakens fulle opplysning kan trekke i begge retninger. Nektet domfelte innsyn, kan han vanskelig imøtegå de opplysningene som fremkommer. Er opplysningene uriktige til skade for domfelte, kan de dermed uimotsagt påvirke kommisjonens avgjørelse.

På den annen side kan en trygghet for vitner være avgjørende for at de forklarar seg for kommisjonen. Når et vitne forklarar seg for politiet under etterforskingen av en straffesak, vil dokumentene eventuelt kunne unntas etter straffeprosessloven § 242 a, og påtalemyndigheten kan om nødvendig trekke tiltalen. Hvis kommisjonen ikke kan gi et vitne vern mot innsyn, er det en risiko for at en sak som vurderes for gjenopptakelse, blir dårligere opplyst enn den ville bli på etterforskningsstadiet.

Hvis det er domfelte som begjærer gjenopptakelse, vil opplysningene kunne føre til at han ikke får medhold, slik at begjæringen forkastes. Den foreslåtte regel kan derfor medføre at gjenopptakelsessaken blir endelig avgjort basert på opplysninger han ikke har fått innsyn i.

Det som likevel kan tale for å innføre en slik unntaksregel, er at man vanskelig kan kreve at kommisjonen skal gi innsyn i opplysninger når det vil medføre en nærliggende fare for at det vil begås en alvorlig forbrytelse som krenker eller utsetter for fare noens liv, helse eller frihet.

I tillegg kommer at kommisjonen av eget tiltak skal opplyse saken best mulig, jf. Ot. prp. nr. 24 (2002–2003) s. 65. Regelen vil ha en parallell i forvaltningsloven § 19 annet ledd bokstav b, som riktig nok krever at opplysningen ikke skal være «av vesentlig betydning for en part». En antar at slike opplysninger som kommisjonen unntar fra innsyn, normalt vil lede til videre undersøkelser, for eksempel om hvordan opplysningene står seg i forhold til andre opplysninger en har.

Selv om en er enig i at straffeloven § 132 a utvides til å gjelde også forhandlinger for kommisjonen, antar en at denne regelen i seg selv ikke gir tilstrekkelig sikkerhet for den som trenger beskyttelse ved innsynsnektelse.

Riksadvokaten antar – med de merknader som fremkommer ovenfor – at den foreslåtte regelen er nødvendig.»

Politidirektoratet støttar forslaget om eit nytt tredje ledd i straffeprosesslova § 398 som på visse vilkår avgrensar innsynsretten for domfelte og forsvararen. Direktoratet er samd i at å nekte innsyn i nokre tilfeller kan vere den einaste måten å trygge eit vitne på. Direktoratet meiner at omsynet til opplysning av saka og tryggleik for vitne i denne samanhengen må veie tyngre enn omsynet til innsyn og kontradiksjon.

Politidirektoratet peikar på at kommisjonen foreslår at det skal vere høve til å nekte innsyn når det «vil være nærliggende fare for ...», medan departementet i høyringsnotatet nyttar uttrykket «vil kunne føre til fare for ...». Uttrykka har ulikt

meningsinnhald. Formuleringa til kommisjonen krev større grad av fare enn det lova bør gå ut på. Lovteksten bør utformast i samsvar med § 242 a, slik at regelen kan nyttast når det «kan være fare for ...».

Vidare støttar Politidirektoratet forslaget om at straffelova § 132 a blir utvida til å omfatte den som forklarar seg for kommisjonen og den som arbeider eller gjer teneste for kommisjonen. Direktoratet uttaler at ei utviding av § 132 a bør vere eit supplement til ein regel om avgrensa rett til innsyn, og ikkje ei erstatning for ein slik regel.

Datatilsynet har uttalt:

«Rett til innsyn i opplysninger av relevans for egen rettsstilling, er en grunnleggende rettsikkerhetsgaranti, som etter tilsynets oppfatning ikke må beskjæres uten at det foreligger særlig tungtveiende grunner for dette.

...

Datatilsynet er videre av den oppfatning at ovenstående rettssikkerhetshensyn taler for at begrepet «frihet» bør presiseres nærmere, eller fjernes. Den grunnleggende rett til innsyn og kontradiksjon, er så tungtveiende at de motstående interesser som taler for unntak bør konkretiseres så godt som mulig.

Det synes avslutningsvis som forstandig at beslutninger om nektelse av innsyn ikke fattes før risikovurdering er foretatt. Tilsynet vil uansett fremheve det potensielt betenkelige i at politiet i sin vurdering nødvendigvis vil kunne vektlegge det faktagrunnlag som senere skal prøves i gjenopptakelsessaken. På denne måte vil faktiske forhold som vedkommende er domfelt for, kunne brukes mot domfelte, selv om kommisjonen senere kommer til at saken bør gjenopptas til ny prøving.»

Den Norske Advokatforening går imot forslaget:

«Forslaget medfører unntak om innsyn og kontradiksjon i straffeprosessen. Hensynet til vern om vitner må kunne ivaretas på andre måter, ved for eksempel en utvidelse av anvendelsesområdet til [strl. § 132 a, jf. 2. ledd bokstav b].

Innsyn og kontradiksjon er grunnleggende rettssikkerhetsprinsipper i norsk straffeprosess, og advokatforeningen er ikke enig i at disse prinsippene skal vike for andre hensyn. De omstendighetene Kommisjonen nevner, kan ikke forsvare unntak fra retten til innsyn. Dersom en slik rett skal kunne forsvares må vilkårene være strengere og en eventuell avgjørelse om å nekte innsyn kan i slike særlige tilfelle ikke være endelig.»

Heller ikkje ØKOKRIM støttar forslaget om å snevre inn retten til innsyn, men er samd i forslaget om å endre straffelova § 132 a.

Domstoladministrasjonen har ikkje merknader til forslaget til ein ny regel om høve til å gjere unntak frå retten til innsyn, men har uttalt at det vernet som ligg i straffeloven § 132 a også bør gjelde for vitne som forklarar seg for kommisjonen og for dei som arbeider i eller gjer teneste for kommisjonen.

4.3 Departementet sitt syn

I løpet av dei siste åra er det gjort fleire endringar i straffeprosesslova for å verne informasjonskjelder, informantar og vitne i straffesaker. I løpet av 2006 skal departementet nemne opp eit utval som mellom anna skal vurdere kvaliteten av desse reglane. Spørsmålet om kva for reglar som bør gjelde for retten til innsyn i saker for kommisjonen, byr på mange av dei same avvegningane som spørsmåla om rett til innsyn under behandling av ei straffesak for domstolane. Mandatet til utvalet vil derfor femne om også dette spørsmålet. Men rapporten frå utvalet vil ikkje kunne bli ferdig før i 2007, og eventuelle lovendringar i kjølvatnet av dette arbeidet ligg dermed noko fram i tid. I denne proposisjonen legg departementet fram forslag til ein regel for tida fram til vi har resultatet av den meir samla vurderinga som utvalet skal leggje grunnlaget for.

Spørsmålet om kommisjonen skal ha høve til å nekte innsyn ut over det som ligg i dagens reglar, beror på ei avveging av omsynet til at den domfelte bør få gjere seg kjent med, og få kommentere, dei opplysningane kommisjonen får, og omsynet til tryggleiken for den som gir opplysningar til kommisjonen. Omsynet til at saka skal bli best mogleg opplyst er sentralt, men peikar ikkje eintydig ut det eine av omsyna som viktigare enn det andre. Både å halde opplysningar tilbake og å måtte gi innsyn i alle opplysningar kan – på ulikt vis – føre til at kommisjonen får færre opplysningar enn han elles kunne ha fått.

Departementet legg stor vekt på dei omsyna som tilseier at den domfelte skal ha innsyn i alle dei opplysningane som kommisjonen får. Dette må framleis vere den dominerande hovudregelen. Samstundes ser departementet at det – heilt unntaksvis – kan oppstå behov for å ikkje å formidle ei opplysning til den domfelte eller forsvararen av omsyn til den som har kome med opplysninga eller andre som ho rører ved. Som ei førebels løysing, fram til vi har ei meir samla vurdering av innsynsspørsmåla, går departementet difor inn for å lovfeste ein snever unntaksregel om dette. I vurderinga legg departementet mellom anna vekt på at kommisjonen har eit eige undersøkingsskema, og såleis høve til å gjere eigne undersøkingar om det eit vitne fortel. Dette reduserer den faren for man-

glande opplysning som alltid ligg i at ein part ikkje får innsyn i alt. Med eit eige undersøkingsapparat står kommissjonen i ei noko anna stilling enn domstolane. Vidare legg departementet vekt på at kommissjonen – sjølv om han høyrer blant dei som skal sikre rettstryggleiken i det norske straffesaksapparatet – ikkje dømmer nokon til straff. Sakshandsamingsreglane må vere tilpassa den funksjonen kommissjonen har.

Lovforslaget frå kommissjonen går ut på at innsyn kan nektast når det, dersom om innsyn gis, «vil være nærliggende fare for at det vil begås en alvorlig forbrytelse». Som Politidirektoratet har peika på, skil denne formuleringa seg frå innhaldet i § 242 a, som opnar for å nekte innsyn «når det ... kan være fare for» eit alvorleg brotsverk. Departementet er samd med Politidirektoratet i at regelen bør vere den same som etter § 242 a. At han skal nyttast med stor varsemnd, vil gå fram av eit vilkår om at det berre er når det er strengt naudsynt for å unngå fare for eit alvorleg brotsverk mot liv, helse eller friedom at kommissjonen kan nekte innsyn.

Datatilsynet har tatt opp at uttrykket «noens liv, helse eller frihet» er vidt, og at det etter ordlyden er uklart kven som skal vernast etter den regelen som er foreslått i høyringsnotatet. Etter Datatilsynet si oppfatning bør dessutan ordet «frihet» presiserast eller fjernast. Departementet viser til at uttrykket «noens liv, helse eller frihet» er det same som i § 242 a. Slik departementet ser det, er det ikkje tenleg å nytte ei anna formulering nå. Den aktuelle formuleringa er blant det som naturleg høyrer inn under den meir omfattande vurderinga av reglane om innsyn som skal gjerast i nær framtid, jf. ovafor. Departementet sitt forslag tar først og fremst sikte på å verne den som gir opplysningar til kommissjonen. Men det kan etter tilhøva verte trong til å verne også andre personar, til dømes ein som er omtalt av eit vitne. Forslaget er utforma på ein måte som ikkje utelukkar at kommissjonen kan nekte innsyn på slikt grunnlag.

Departementet er elles samd i at kommissjonen skal hente inn ei fråsegn om trusselbiletet frå politiet før han gjer vedtak om å nekte innsyn.

Departementet sitt forslag har ikkje med noko rettsmiddel mot ei avgjerd om å nekte innsyn, slik at avgjerda vil vere endeleg, jf. § 395 tredje ledd. Dei spørsmåla om innsyn i ei eventuell ny sak for domstolane som riksadvokaten har peika på, er fragmenter av eit meir generelt og overordna spørsmål om konsekvensen av at det blir nekta innsyn i opplysningar i samband med ei straffesak. Denne problemstillinga vil vere tema for den vurderinga av regelverket om innsyn som skal ta til i løpet av næraste framtid, jf. ovafor. Særleg fordi

den nye regelen skal vere ein snever unntaksregel, og det såleis etter føresetnadene vil bli tatt få slike avgjerder, finn departementet at ein kan vente med å regulere dei aktuelle spørsmåla til dei blir vurderte i ein større samanheng.

I høyringsnotatet er det tatt opp at straffelova § 132 a kan utvidast til også å omfatte den som forklarar seg for, eller arbeider eller gjer teneste for kommissjonen. Ingen av høyringsinstansane har kome med motsegner til ei slik endring. Fleire har uttalt at denne endringa i tilfelle må vere et supplement til ein ny regel om høve til å nekte innsyn, og ikkje ei erstatning for ein slik regel. Departementet ser gode grunnar for at den som har kravd gjenopptaking eller som forklarar seg eller gjer arbeid eller teneste for kommissjonen, skal nytte godt av det vernet som ligg i straffelova § 132 a, og foreslår difor føreseigna endra, slik at ho omfattar også desse gruppene.

5 Forslag om å presisere at kommissjonen sine avgjerder om salær er endelege

5.1 Gjeldande rett. Forslaget i høyringsnotatet

Kommissjonen kan nemne opp offentleg forsvarar for ein som er sikta for eit straffbart forhold når særlege grunner tilseier det, jf. straffeprosesslova § 397 andre ledd. Det går fram av føreseigna at «[r]eglene i §§ 101–107 gjelder (...) tilsvarende». Straffeprosesslova § 107 slår fast at «[o]ffentlig forsvarer skal ha godtgjørelse av staten. Om godtgjørelsen gjelder reglene i § 78 tilsvarende».

Etter straffeprosesslova § 78 andre ledd «fastsetter retten en slik godtgjørelse etter nærmere regler som blir gitt av Kongen, om det ikke er bestemt en fast lønn. Rettens fastsetting kan påkjæres etter reglene i rettsbudsjettsloven § 28 a». Lova gir ikkje i dag noko klart svar på om avgjerder frå kommissjonen om fastsetting av salær kan påkjærast. Etter straffeprosesslova § 395 tredje ledd kan avgjerder frå kommissjonen berre påkjærast der lova klart seier så. Ei generell tilvising som seier at andre regelsett gjeld tilsvarende, treng ikkje bety at forsvararen også skal ha rett til å setje fram kjæremål, jf. Ot.prp. nr. 70 (2000–2001) side 47–48 og 73.

Slik kommissjonen ser det, er korkje forvaltningsklage eller kjæremål ei egna klageform for avgjerder om salær. Ein rett til å klage avgjerda inn for Justisdepartementet ville etter kommissjonen sitt syn bryte for mykje med den uavhengige stillinga som kommissjonen skal ha. Kjæremål ser

ikkje kommisjonen som noko alternativ, då det ikkje finst nokon domstol som er overordna kommisjonen. På denne bakgrunnen har kommisjonen foreslått å endre straffeprosesslova § 397 andre ledd, slik at det blir klart at kommisjonens avgjerder om salær til offentlege forsvararar ikkje kan påkjærast. Han har foreslått at § 397 andre ledd skal lyde:

«Kommisjonen kan oppnevne offentlig forsvarer for siktede når særlege grunner tilsier det. Reglene i §§ 101–107 gjelder i så fall tilsvarende, likevel slik at kommisjonens beslutninger etter § 78 annet ledd er endelige.»

I høyringsnotatet viste departementet til at det ligg i reglane om ein uavhengig kommisjon at domstolane berre skal kunne overprøve avgjerdene til kommisjonen som følgje av eit sivilrettsleg søksmål. Det er ikkje lagt opp til ein alminneleg rett til å påkjære avgjerdene frå kommisjonen. Ei avgjerd om vitneforklaring etter straffeprosesslova § 118 kan overprøvast etter reglane om kjæremål, sjå § 398 a andre ledd siste punktum. Spørsmålet er om også avgjerd om salær står i ei slik stilling at ho kan gje grunn til eit tilsvarende unntak.

5.2 Høyringsinstansane sitt syn

Riksadvokaten og Politidirektoratet har slutta seg til forslaget frå kommisjonen om at det skal gå fram av lova at kommisjonen sine avgjerder om salær ikkje kan påkjærast. *Den Norske Advokatforening* har uttalt at kommisjonen «må kunne ta beslutninger vedrørende forsvarernes salær med endelig virkning», og har såleis det same synet. Det har ikkje kome motsegner til ein regel om at avgjerder om salær skal vere endelege.

5.3 Departementet sitt syn

For at kommisjonen skal kunne fylle si oppgåve, må han ha stor sjølvstende i forhold til domstolane og forvaltninga. Departementet ser ikkje at dei avgjerdene kommisjonen treffer om salær står i ei slik stilling at det er naudsynt at dei kan overprøvast av domstolane eller eit forvaltningsorgan. Departementet foreslår difor at lova får ein klår regel om at avgjerder fra kommisjonen om salær er endelege.

6 Forslag om at kommisjonen skal kunne nemne opp støtteadvokat for den som er krenkt i saka

6.1 Gjeldande rett. Forslaget i høyringsnotatet

Den som er krenkt ved ei straffbar handling, kan ha rett til støtteadvokat også etter at sjølve straffesaka er avslutta, sjå til dømes Rt. 1999 s. 254 og Rt. 1999 s. 2005. I den siste avgjerda uttalte Høgsteretts kjæremålsutval blant anna:

«Dersom det er naturlig og rimelig, kan det unntaksvis oppnevnes bistandsadvokat også etter at selve straffesaken er avsluttet, se straffeprosessloven § 107 c første ledd annet punktum, jf. Rt. 1999 s. 254. Kjæremålsutvalget kan ikke se at lagmannsretten har fortolket straffeprosessloven § 107 a jf. § 107 c uriktig når retten har lagt til grunn at A ikke hadde noen ubetinget rett til å få oppnevnt bistandsadvokat.»

Ved at den som er krenkt i visse tilfelle kan ha rett til støtteadvokat etter at straffesaka er avslutta, må ein rekne med at dette også gjeld når det er sett fram krav om at ei straffesak skal takast opp att. Dei nærare vilkåra for ein slik rett er ikkje avklåra i rettspraksis.

Kommisjonen har foreslått ein regel om at kommisjonen kan nemne opp støtteadvokat når det er sett fram krav om gjenopptaking av ei straffesak. Som bakgrunn for forslaget har kommisjonen mellom anna vist til at den som er krenkt i saka, bør ha høve til å kome med sitt syn og få sjå dokumenta i tråd med straffeprosesslova § 242, sjå Ot.prp. nr. 70 (2000–2001) side 42. I nokre saker kan det også vere naudsynt å avhøyre den som er krenkt. I slike tilfelle kan oppnemning av støtteadvokat vere aktuelt. Når avgjerda om gjenopptaking er flytta frå domstolen til kommisjonen, ser kommisjonen det som naturleg at han får kompetanse til å nemne opp støtteadvokat i desse sakene. Kommisjonen har allereie kompetanse til å nemne opp forsvarar for den som er domfelt i saka, jf. straffeprosesslova § 397 andre ledd.

Kommisjonen var noko i tvil om kvar i lova føresegna bør takast inn, men har foreslått eit nytt siste ledd i straffeprosesslova § 398, med slik ordlyd:

«Kommisjonen kan oppnevne bistandsadvokat for fornærmede. Reglene i §§ 107 a-d gjelder i så fall tilsvarende så langt de passer.»

I høyringsnotatet sa *departementet* at det er tenleg at kommisjonen nemner opp støtteadvokat, og det slutta seg til forslaget frå kommisjonen. Om plasseringa i lova sa departementet at det ikkje ville

utelukke at føresegna bør takast inn i § 397 andre ledd i staden for i § 398.

6.2 Høyringsinstansane sitt syn

Agder lagmannsrett, riksadvokaten, Politidirektoratet og Den Norske Advokatforening har uttalt at dei støttar forslaget om at kommisjonen skal kunne nemne opp støtteadvokat. *Riksadvokaten* har dessutan reist spørsmål om ikkje den som er krenkt utan vidare bør ha rett til støtteadvokat i saker der det har vært nytta støtteadvokat under behandlinga av straffesaka. Ingen av høyringsinstansane har kome med motsegn til at kommisjonen skal kunne nemne opp støtteadvokat.

Når det gjeld plasseringa av fråsegna i lova, har både *riksadvokaten, Politidirektoratet og Den Norske Advokatforening* uttalt at ho bør inn i § 397 andre ledd. Politidirektoratet grunngir dette med at «det anses mer nærliggende at den plasseres sammen med reglene om oppnevning av offentlig forsvarer enn etter bestemmelsen om dokumentinnsyn».

6.3 Departementet sitt syn

Departementet ser det etter høyringa som klart at kommisjonen bør få høve til å nemne opp støtteadvokat, og at regelen om dette bør stå i § 397 andre ledd. I samsvar med forslaget frå kommisjonen foreslår departementet at regelen skal gå ut på at kommisjonen kan nemne opp støtteadvokat, og at §§ 107 a til 107 d skal gjelde tilsvarande så langt dei passar.

Paragraf § 107 a seier i kva for tilfelle det skal nemnast opp støtteadvokat under behandling av straffesaker for domstolane. Fråsegna er ikkje tilpassa behandlinga av krav om gjenopptaking, så kommisjonen må gjere ei konkret vurdering. Mellom anna må det takast omsyn til at kommisjonen ikkje tar stilling til spørsmål om skadebot, slik domstolane gjer i mange straffesaker.

Riksadvokaten har reist spørsmål om den som er krenkt, utan vidare bør ha rett til støtteadvokat i saker der det har vore nytta støtteadvokat under behandlinga av straffesaka. Departementet kjem tilbake til dette spørsmålet ved oppfølginga av utgreiinga frå det utvalet som ser på den krenkte si stilling i straffeprosessen («Førnærmedeutvalget»). Denne utgreiinga vil liggje føre våren 2006.

På same måte som når det gjeld forsvararen (sjå punkt 5 ovafor), foreslår departementet at ei avgjerd frå kommisjonen om salær til støtteadvokaten skal vere endeleg.

7 Forslag om å endre krava til grunngeving i saker der krav om gjenopptaking blir forkasta utan nærmare behandling

7.1 Gjeldende rett og forslag til endring

Straffeprosesslova § 397 tredje ledd gir leiaren av kommisjonen eller nestleiaren kompetanse til å forkaste enkelte krav utan nærmare behandling. Det gjeld for det første krav om å ta opp att avgjerder som etter sin art ikkje kan takast opp att eller som ikkje inneheld nokon grunn som etter lova kan føre til gjenopptaking (tredje ledd første punktum). Det same gjeld krav som «av andre grunner åpenbart ikkje kan føre frem» (tredje ledd andre punktum). Ordninga er grunngeve med prosessøkonomiske omsyn, jf. Ot.prp. nr. 70 (2000–2001) side 37:

«Både kapasitetshensyn og hensynet til en forsvarlig bruk av kommisjonens ressurser tilsier at slike begjæringer ikke behandles like grundig som andre begjæringer. Også erfaringene til den engelske kommisjonen tilsier at det etableres en slik ordning.»

I praksis blir høvet til ei enklare sakshandsaming ofte nytta, og regelen om dette er naudsynt for at kommisjonen skal kunne bruke ressursane sine på ein tenleg måte og unngå store restansar. I løpet av 2004 fekk kommisjonen til saman 232 krav. Av dei 61 sakene som vart avslutta i 2004, vart 38 krav forkasta fordi dei ikkje høyrde inn under kommisjonen (sivile dommar, straffesaker som er lagde bort, forvaltningsvedtak, utanlandske dommar), jf. § 397 tredje ledd første punktum. Ytterlegare 18 av krava vart forkasta fordi dei openbert ikkje kunne føre fram, jf. årsrapporten for 2004 side 4 og § 397 tredje ledd andre punktum.

Når kommisjonen forkastar eit krav etter § 397 tredje ledd, skal han følgje reglane om orskurd, jf. § 397 tredje ledd første punktum. I dette ligg det mellom anna at avgjerda skal grunngevest, jf. straffeprosesslova § 52.

Kommisjonen har foreslått ei endring i § 397 tredje ledd som går ut på at ei avgjerd om å forkaste eit krav etter same fråsegn skal kunne grunngevest enklare enn det som ligg i kravet etter § 52. Forslaget går ut på at § 397 tredje ledd skal lyde:

«Gjelder begjæringen en avgjørelse som etter sin art ikke kan gjenopptas, eller inneholder den ingen grunn som etter loven kan føre til gjenopptakelse, kan kommisjonen uten nærmere behandling forkaste begjæringen. Det samme gjelder hvor begjæringen av andre grunner åpenbart ikke kan føre frem. Avgjørel-

sen kan tas av kommisjonens leder eller nestleder, den treffes etter reglene om kjennelse, og kan begrunnes etter reglene i straffeprosessloven § 387 a første ledd.»

Etter straffeprosesslova § 387 a første ledd kan Høgsteretts kjæremålsutval avvise eller forkaste eit kjæremål utan anna grunngjeving enn å vise til denne føresegna når utvalet samstemt finn det klårt at kjæremålet ikkje kan føre fram.

Kommisjonen har vist til at regelen om forenkla handsaming av krav som openbert ikkje kan føre fram, har bakgrunn i omsynet til ein forsvarleg bruk av ressursane. Likevel er plikta til å grunngje slike avgjerder i prinsippet den same som plikta til å grunngje dei andre avgjerdene som kommisjonen treffer. Lova inneheld ikkje nærmare reglar for kor mykje som skal til for å oppfylle grunngjevingsplikta for avgjerder frå kommisjonen. Denne uklårleiken ser kommisjonen det som ein føremon å sleppe. Elles kan ein risikere at det blir lagt uturvande mykje arbeid i å grunngi ei avgjerd. Ein nokså stor del av kommisjonen sine saker blir avgjort etter § 397 tredje ledd (ca. 61 % av dei sakene som blei avslutta i løpet av dei ti første månadene av 2005).

Kommisjonen er klår over at straffeprosesslova § 387 a krev at domarane er samde om avgjerda, medan ei avgjerd etter § 392 tredje ledd blir treft av ein person. Tanken bak forslaget om likevel å la § 397 tredje ledd vise til grunngjevingskrava i § 387 a første ledd er å få nokre minimumskrav til grunngjevinga i dei heilt openberre sakene. Ei lovfesting av forslaget frå kommisjonen vil sjølv sagt ikkje avskjere kommisjonen ifrå å gje ei meir utfyllande grunngjeving. Kommisjonen har og peika på rettleiingsplikta, og sagt at kommisjonen vil leggje vekt på å forklare munnleg for den domfelte kvifor kravet blir forkasta.

I høyringsnotatet viste departementet til at omsyna bak reglane i § 397 tredje ledd taler for at grunngjevinga bør kunne gjerast stutt, og departementet var samd i forslaget frå kommisjonen for avgjerder etter § 397 tredje ledd første punktum. For avgjerder etter *andre* punktum gav departementet uttrykk for noko tvil, mellom anna fordi det i slike saker kan vere naudsynt med ei konkret vurdering før kravet eventuelt blir forkasta.

7.2 Høringsinstansene sitt syn

Dei høyringsinstansane som har uttalt seg om kravet til grunngjeving, har gitt uttrykk for tvil eller kome med motsegner til forslaget frå kommisjonen.

Riksadvokaten er i tvil om forslaget bør tas til følge:

«Selv om kommisjonen – eller dens leder – anser saken som opplagt, kan den domfelte kanskje lettere forsonse seg med avgjørelsen dersom den begrunnes. En har notert seg at kommisjonen vil legge vekt på å veilede domfelte muntlig, og det kan nok være en hensiktsmessig fremgangsmåte i noen tilfelle. Men en muntlig redegjørelse uten støtte i en skriftlig begrunnelse kan lettere misforstås. Gis den muntlige redegjørelsen med utgangspunkt i en skriftlig begrunnelse, vil notoriteten være lettere å sikre.»

Politidirektoratet uttaler:

«Politidirektoratet er enig med departementet i at en løsning etter mønster av § 387 a for avgjørelser etter § 397 tredje ledd første punktum ikke er betenkelig. Dette gjelder begjæringer som etter loven ikke kan føre til gjenopptakelse. Derimot finner vi ikke å kunne støtte kommisjonens forslag om at tilsvarende skal gjelde for avgjørelser etter andre punktum. Dette gjelder tross alt begjæringer som faller innenfor kommisjonens virkeområde, men hvor kommisjonen etter en vurdering forkaster begjæringen fordi det åpenbart ikke er hold i den. Direktoratet mener at den som får en begjæring om gjenopptakelse forkastet på et slikt grunnlag, må ha krav på en begrunnelse der han kan lese seg til hvorfor begjæringen er forkastet.»

Den Norske Advokatforening gjev uttrykk for det same.

Agder lagmannsrett går imot forslaget:

«I de tilfellene som omfattes av § 397 tredje ledd første punktum, er forslaget riktignok som Justisdepartementet nevner ikke betenkelig, men det er heller ikke behov for det. Det er uansett enkelt å begrunne et avslag når avgjørelsen etter sin art ikke kan gjenopptas, eller begjæringen ikke inneholder noen grunn som etter loven kan føre til gjenopptakelse.

Prosessøkonomisk er det realitetsavgjørelser etter § 397 tredje ledd annet punktum som betyr noe. Det er ikke naturlig trekke slutninger fra straffeprosessloven § 387a. Bestemmelsen forutsetter at tre dommere i Høyesteretts kjæremålsutvalg enstemmig finner det klart at kjæremålet ikke kan føre frem. Også ankenektelse av materielle grunner krever enstemmighet blant tre dommere. Det vises til § 321 fjerde ledd første punktum og § 323 annet ledd tredje punktum. Sammenlignet med dette blir en ubegrunnet avgjørelse av én person spinkelt.

...

Det bør dessuten legges vesentlig vekt på at gjenopptakelse er en siste skanse for domfelte, og at opprettelsen av kommisjonen spesielt er begrunnet med hensynet til tillit, både i forhold til partene og allmennheten. Behovet for å skape endelig ro om saken står her sentralt. Det er viktig for at kommisjonen skal kunne fylle denne funksjonen, at dens realitetsavgjørelser begrunnes. Det gjelder ikke minst de avgjørelser som treffes av kommisjonens leder eller nestleder alene etter § 397 tredje ledd uten å forelegges den samlede kommisjon. Det legitimitetstap fraværet av begrunnelse representere, vil her ikke bli oppveid av kollegialiteten. Å motta en begrunnelse er dessuten av praktisk nytteverdi for en siktet som ønsker å fremsette en ny og bedre underbygget begjæring.»

Domstoladministrasjonen går likeins imot forslaget, og grunnjer det på same vis som Agder lagmannsrett.

7.3 Departementet sitt syn

Departementet ser heller ikkje etter høyringa at det er nemnande interesser som tilseier at avgjerder etter § 397 tredje ledd *første* punktum må grunnjevast. For desse avgjerdene foreslår departementet difor ein regel som gir høve til vedtak utan anna grunnjevning enn ei tilvising til § 397 tredje ledd. Systemet er det same som det som etter § 387 a gjeld for Høgsteretts kjæremålsutval, men utan at lovtæksten treng vise til § 387 a. At avgjerda må vere tvillaus, er tatt inn som vilkår i den regelen departementet foreslår.

Etter § 397 tredje ledd *andre* punktum kan kommisjonen i nokre tilfelle forkaste eit krav om gjenopptaking utan ytterlegare handsaming sjølv om kravet gjeld ei avgjerd som etter sin art kan takast opp att, og sjølv om kravet viser til tilhøve som etter lova kan gi grunnlag for gjenopptaking. Her gjeld det altså avgjerder der kommisjonen har gjort ei reell vurdering av om straffesaka skal takast opp att. I slike tilfelle følgjer det ikkje direkte av lova at kravet ikkje kan føre fram, og den som har fremma kravet vil ha behov for ei forklaring på kvifor utfallet blei som det blei. Kommisjonen har i mange høve munnleg kontakt med den som krev gjenopptaking, og tar opp slike samtaler på band. Denne praksisen er truleg av stor verdi for den som har kravd gjenopptaking, og opptaka gir informasjon om kva som er formidla mellom kommisjonen og parten. Slik departementet ser det, er det likevel behov for ei viss skriftleg grunnjevning av desse avgjerdene, slik at det blir tydeleg for alle at kommisjonen faktisk har vurdert saka. Departementet

går difor ikkje inn for å redusere kravet til grunnjevning for desse avgjerdene på same måte som for avgjerder etter § 397 tredje ledd første punktum.

Ein orskurd frå domstolane kan i mange tilfelle påkjærast til overordna domstol. For slike tilfelle har kravet om grunnjevning ein dobbel funksjon, ved at grunnjevninga skal gi informasjon både til partane i saka og til kjæremålsinstansen. Avgjerder frå kommisjonen etter § 397 tredje ledd kan ikkje påkjærast, slik at det ikkje er behov for grunnjevning av omsyn til ei eventuell overprøving. På denne bakgrunnen har departementet vurdert å utforme ein særskilt regel om grunnjevning av kommisjonens avgjerder etter § 397 tredje ledd andre punktum, som tar omsyn til at avgjerdene til kommisjonen er endelege. Fordi kommisjonen er eit forvaltningsorgan, ikkje ein domstol, kunne det i så fall vere naturleg å ta utgangspunkt i forvaltningslova § 25, som har reglar om grunnjevning av eit forvaltningsvedtak.

Konklusjonen er likevel at det ikkje naudsynt med ein slik regel. Kravet til grunnjevning etter straffeprosesslova § 52 er såpass fleksibelt med omsyn til kva grunnjevninga skal innehalde at føresegna ikkje står i vegen for å avgrense grunnjevninga til det som er naudsynt for å gi ei forklaring på kvifor kravet ikkje førte fram. Det følgjer av § 397 tredje ledd andre punktum at avgjerd etter denne regelen berre er aktuelt når kravet «åpenbart ikke kan føre fram». I slike tilfelle kan ein ofte gje ei grunnjevning i meir generelle ordelag enn i saker som har bode på tvil. Kommisjonen treng ikkje alltid referere alt det som eit krav om gjenopptaking er grunngett med; det må vere nok å gjengi det som er naudsynt for å forklare avgjerda. Argument som openbert ikkje kan føre fram, må kunne avskjerast med ei kort kommentar om nettopp dette. Ei viss rettleiing får ein i forarbeida til § 19–6 i den nye tvistelova (Ot.prp. nr. 51 (2004–2005), særleg side 436–437).

Etter dette legg ikkje departementet fram forslag om endring av lova med omsyn til grunnjevning av avgjerder etter § 397 tredje ledd andre punktum.

8 Forslag om å gi heimel for å skrive ut og hente inn politiattest

8.1 Gjeldande rett. Forslag til endring

Politiattest kan skrivast ut til bruk utanfor straffereettsstellet, jf. strafferegistreringslova § 5. Det er dels strafferegistreringsforskrifta og rundskriv frå Justisdepartementet og dels spesiallovjevninga

som gir reglar om kva tid, og til kva for føremål, det kan skrivast ut politiattest.

Strafferegistreringsforskrifta § 12 nr. 1–4 listar opp ei rekkje døme på når politiattest kan skrivast ut. Etter § 12 nr. 5 kan «Politidirektoratet (...) samtykke i at det også i andre tilfelle utferdiges politiattest». Samtykke blir gitt i rundskriv.

Kommissjonen har tatt opp at sekretariatet for kommissjonen har bruk for å krevje politiattestar ved tilsetjingar på lik linje med andre organ i strafferettsstellet. Kommissjonen har foreslått å endre strafferegistreringsforskrifta § 12 nr. 4 bokstav m, slik at politimeistaren får heimel til å utferdige politiattest:

«til vedkommende tilsettingsmyndighet i forbindelse med utnevning/tilsetting av dommere, dommerfullmektiger, utredere/kontorpersonale i sekretariatet til Kommissjonen for gjenopptakelse av straffesaker og embets- og tjenestemenn i påtalemyndigheten, samt i forbindelse med utnevning/tilsetting av politiinspektører, politiadjutanter og politifullmektiger som skal tjenestegjøre i embeter/stillinger som ikke er tillagt påtalemyndighet. Det kan kreves uttømmende attest.»

Departementet viste i høyringsnotatet til at politiattestar og annan vandelskontroll mellom anna skal førebygge kriminalitet ved at fysiske eller juridiske personar får stillingar eller funksjonar dei ikkje er egna til. Det bør vere høve til å krevje politiattest for personar i stillingar som krev særleg tillit. Departementet støtta forslaget frå kommissjonen, og foreslo at politiattest også skal kunne krevjast for leiaren, nestleiaren og dei andre medlemmene i kommissjonen.

Departementet viste til praksis for at krav om politiattest blir tatt inn i den lova som regulerer verksemda, og til forslag i NOU 2003: 21 Kriminalitetsbekjempelse og personvern om at denne praksisen skal halde fram. Departementet foreslo difor at ein heimel for å skrive ut politiattest blir tatt inn i straffeprosesslova § 395 andre ledd, som fjerde punktum, med ei slik utforming:

«Det kan kreves utstedt uttømmende politiattest for lederen, nestlederen, medlemmene og de ansatte i kommissjonen.»

8.2 Høyringsinstansane sitt syn

Agder lagmannsrett, riksadvokaten og Den Norske Advokatforening er samd i forslaget.

Riksadvokaten legg til:

«En legger til grunn at ikke enhver tidligere straffereaksjon vil hindre tilsetting i eller opp-

nevning i kommissjonen. Av hensyn til forutberegneligheten kan det derfor være en fordel om det fastsettes hvor lenge en reaksjon skal sperre.»

Jamvel *Politidirektoratet* støttar forslaget, og vil i tillegg gje det større rekkjevidd:

«Direktoratet bemerker at adgangen til å utstede politiattest ikke bare bør gjelde «lederen, nestlederen, medlemmene og de ansatte i kommissjonen», men utvides til å omfatte «enhver som utfører arbeid eller tjeneste for kommissjonen». Denne formuleringen samsvarer med formuleringen i lov om vaktvirksomhet § 7. Oppdragstakere i form av rengjøringspersonale, kantinepersonell m.v., som har tilgang til kommissjonens lokaler, vil da omfattes av bestemmelsen.»

Ingen av høyringsinstansane har hatt motsegner til forslaget om høve til å hente inn politiattest for dei som skal ta del i arbeidet for kommissjonen.

8.3 Departementet sitt syn

Departementet viser til at arbeid for kommissjonen krev tillit på linje med arbeid for andre delar av straffesaksapparatet, og står fast ved at straffeprosesslova bør få ein regel om at det kan skrivast ut fullstendig politiattest for leiaren, nestleiaren, medlemmene og dei tilsette i kommissjonen. Samstundes er det spørsmål om krinsen av personar som det kan krevjast attest for bør gjerast ennå vidare enn det forslaget i høyringsnotatet går ut på. Politidirektoratet har tatt til orde for at regelen skal gjelde for «enhver som utfører arbeid eller tjeneste for kommissjonen», og vist til at han da også vil omfatte oppdragstakarar.

Innhenting av politiattest kan som nemnt vere ein høveleg måte å hindre at personar som ikkje er skikka for denne typen arbeid får tilgang til arbeidet i kommissjonen. På den andre sida er det openbert at det, av omsyn både til enkeltmenneske og til dei ressursane som går med til å skrive ut slike attestar, bør vere visse grenser for kva for funksjonar det bør kunne innhentast politiattest for. Slik departementet ser det, er det ikkje naudsynt med ein heimel som opnar for å kunne krevje politiattest for oppdragstakarar med ein rein støttestøttefunksjon, slik som til dømes reinhaldspersonale. Annleis er det med oppdragstakarar med oppgåver som direkte gjelder sakshandsaminga i kommissjonen, slik som til dømes eksterne sakkyndige. For slike funksjonar kan det i nokre tilfelle vere trong til å hente inn politiattest. Departementet foreslår etter dette at det kan krevjast uttømmende politiattest

for leiaren, nestleiaren, medlemmene og dei tilsette i kommisjonen, og for andre som gjer arbeid eller teneste i saker for kommisjonen.

Riksadvokaten har lagt til grunn at ikkje alle tidlegare straffereaksjonar skal hindre oppnemning eller tilsetning i kommisjonen, og har peika på at det kan vere ein føremøn om det blir bestemt kor langt tidsrom ein reaksjon skal stå i vegen for oppnemning eller tilsetning. *Departementet* er samd i at ikkje alle tidlegare straffereaksjonar skal vere til hinder for å ta del i arbeidet til kommisjonen. Konsekvensen av eventuelle straffereaksjonar må vurderast i det enkelte tilfelle, der ein legg vekt mellom anna på kva den straffbare handlinga gikk ut på og kva for ein funksjon det er tale om. Førebels ser ikkje departementet er grunn til å lovfeste ein regel om verknaden av at ein kandidat har fått ein straffereaksjon.

Departementet foreslår at regelen om at det kan krevjast politiattest blir tatt inn i straffeprosesslova § 395 andre ledd, som eit nytt fjerde punktum.

9 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet ser ikkje at forslaga i proposisjonen her vil få nemnande økonomiske eller administrative konsekvensar. Forslaget til eit nytt fjerde punktum i § 397 tredje ledd (forenkla grunngeving for ei viss type saker) kan spare kommisjonen for noko arbeid. Kor stor innsparingseffekt som vil ligge i dette, beror mellom anna på i kva for grad kommisjonen vil nytte høvet til å gi ei forenkla grunngeving, og om ein ny praksis vil føre til større behov for munnleg rettleiing. Det er difor ikkje mogleg å talfeste innsparinga.

Eventuelle meirkostnader som følgje av lovendringane vil bli dekt innanfor dei ordinære budsjett-rammene.

10 Merknader til dei einskilde paragrafane i lovforslaget

10.1 Endringar i straffelova

Til § 132 a

Andre ledd i føresegna reknar opp kven som er ein «aktør i rettsvesenet», og som såleis er verna av straffetrusselen i første ledd. Endringa går for det første ut på at opprekninga også skal omfatte den som har kravd gjenopptaking av ei straffesak (tillegg til bokstav a), den som har forklart seg for

kommisjonen (tillegg til bokstav b) og den som arbeider eller gjer teneste for kommisjonen (tillegg til bokstav c). Endringa er ei følgje av at den som opptretr eller arbeider for kommisjonen kan ha behov for det vernet som ligg i § 132 a, på linje med den som opptretr eller arbeider for domstolane. Departementet ser det ikkje som naudsynt å endre § 132 a første ledd for at fråsegna skal gi vern for dei som opptretr eller arbeider for kommisjonen. Uttrykket «i forbindelse med en straffesak» i første ledd bokstav a og b femner så vidt at det også dekkjer saker om gjenopptaking av ei straffesak.

Vidare er andre ledd bokstav a endra ved at uttrykket «har anlagt søksmål i en sivil sak» er erstatta med uttrykket «er part i en sivil sak». Bakgrunnen for denne endringa er at det ikkje er nokon avgjerande grunn til at det berre er den eine parten – saksøkaren – i ei sivil sak som skal ha vern etter føresegna. Også den som er saksøkt kan tenkast å bli utsett for press, til dømes med omsyn til ikkje å anke ei avgjerd. Med uttrykket «er part i en sivil sak» blir det sams reglar for begge partane.

Til § 408

Endringa går ut på å fjerne den delen av andre ledd i føresegna som lyder », etter § 398 med hensyn til rinnende vann,». Bakgrunn for endringa er at straffelova § 398 er oppheva (ved lov 24. november 2000 nr. 82). Det er såleis ikkje lenger noka meining i at § 408 visar til § 398.

10.2 Endringar i straffeprosesslova

Til § 102

Forslaget om et nytt andre ledd om at Kongen kan gje nærare reglar om påtalemakta si oppnemning av forsvarar gjeld ikkje reglane om kommisjonen, men har sin bakgrunn i at lova i 2002 fekk ein regel om at påtalemakta i visse høve kan nemne opp forsvarar (lov 28. juni 2002 nr. 55). Denne regelen er ennå ikkje satt i kraft, mellom anna fordi det skal utformast retningslinjer for korleis påtalemakta skal gå fram når ho skal nemne opp forsvarer. I desse retningslinjene må ein ta stilling til om det skal vere høve til å klage over eit vedtak frå påtalemakta om forsvarar, til dømes ved klage til tingretten. Dei forskriftsheimlane straffeprosesslova har i dag, opnar ikkje for å gi forskrifter om ei slik ordning med klage til tingretten. For det tilfelle at ein finn at dette likevel vil være beste løysing, gjer departementet no forslag om ein forskriftsheimel knytt til regelen om at påtalemakta kan nemne opp forsvarar. Forslaget er ei følgje av endringa ved lov

28. juni 2002 nr. 55, og har difor ikkje vært på særskilt høyring.

Til § 395

Andre ledd nytt *fjerde punktum* fastset at det kan krevjast utstedt uttømmende politiattest for leiaren, nestleiaren, medlemmene og dei tilsette i kommisjonen, og for andre som gjer arbeid eller teneste i saker for kommisjonen. I dette ligg at det kan krevjast politiattest for medlemmene (inkludert leiaren og nestleiaren) og dei tilsette i kommisjonen. For oppdragstakarar, det vil seie personar som gjer arbeid eller teneste for kommisjonen utan å vere medlemmar av eller tilsette i kommisjonen, er høve til å krevje politiattest avhengig av kva type arbeid eller teneste oppdraget gjeld. Dersom oppdraget gjeld ei eller fleire bestemte saker, kan det krevjast politiattest, jf. uttrykket «i saker for kommisjonen». Dersom oppdraget gjeld støttefunksjonar som ikkje er knytt til bestemte saker, slik som reinhald, vaktmeistertjenester og liknande, fell det utanfor den heimelen departementet foreslår.

Til § 397

Andre ledd har fått eit nytt tredje og fjerde punktum. *Tredje punktum* gir heimel for at kommisjonen kan nemne opp støtteadvokat. For spørsmålet om kva for saker det skal oppnemnast støtteadvokat i, sjå punkt 6 foran. *Fjerde punktum* er ein regel om at avgjerd frå kommisjonen om salær til forsvarar og støtteadvokat er endeleg.

Tredje ledd har fått eit nytt fjerde punktum, med ein særskild regel om grunngjeving av avgjerder etter tredje ledd første punktum. Regelen opnar for forenkla grunngjeving i avgjerd som ikkje har bode på tvil. I slike tilfelle er det nok å vise til § 397 tredje ledd første og fjerde punktum. Den nye regelen er utforma etter mønster av § 387 a, og er eit unntak frå utgangspunktet etter første punktet om at avgjerda skal grunngjevast etter § 52. Om kravet til grunngjeving for avgjerder etter tredje ledd andre punktum visast til punkt 7 foran.

Til § 398

Fråsegna har fått eit nytt tredje ledd, og dagens tredje ledd er blitt fjerde ledd. Den nye regelen går ut på at kommisjonen i einskilde høve kan nekte domfelte og forsvararen innsyn i opplysningar ut over det som følgjer av dagens reglar. Bakgrunnen for forslaget går fram av punkt 4 foran. Regelen er meint å vere ein «sikringsventil» til bruk i heilt særskilte tilfelle, jf. at tiltaket må vere «strengt nødven-

dig». Den gir kommisjonen ein rett til – heilt unntaksvis – å nekte innsyn, men gir ikkje plikt til å nytte eit slik tiltak, jf. at kommisjonen «kan» nekte innsyn. Uttrykket «fare for en alvorlig forbrytelse mot noens liv, helse eller frihet» er det same som i § 242 a, og har det same innhaldet. Retten til å nekte innsyn er avgrensa til å gjelde for opplysningar, og gir såleis ikkje grunnlag for å nekte innsyn i eit heilt dokument sjølv om dokumentet inneheld opplysningar som det skal nektast innsyn i.

Til § 399

Føresegna har fått eit nytt *fjerde punktum* om høve for kommisjonen til å gjere om sitt eige vedtak om gjenopptaking av ei sak.

Til § 400

I *andre ledd første og andre punktum* er «begjæringen» endra til «saken». Bakgrunn for endringa er at ordet «begjæringen» misvisande gav inntrykk av at det var kravet om gjenopptaking som domstolen skal handsame. Med ordet «saken» får lova betre fram at kravet om gjenopptaking er endeleg avgjort av kommisjonen, og at det er sjølv straffesaka domstolen skal behandle. Andre ledd har vidare fått eit *fjerde punktum*, som tilsvare det som har vore § 400 tredje ledd.

Tredje ledd er nytt, og har reglar om kva for rett ein part som har satt fram krav om gjenopptaking, har til å trekkje kravet etter at kommisjonen har tatt kravet til følgje. Konsekvensen av ein rett etter denne fråsegna er at saka likevel ikkje skal takast opp att. Om innhaldet i regelen sjå punkt 3 foran. Tredje punktum gjeld tilfelle der det er peika ut ein domstol for den nye behandlinga av saka etter reglane i § 400 andre ledd, og denne domstolen har mottatt saka. Dersom fråsegna om å trekkje kravet kjem på eit tidlegare tidspunkt, er det kommisjonen som tek imot fråsegna og gjer om vedtaket om gjenopptaking etter forslaget til § 399 fjerde punktum.

10.3 Til føresegna om ikraftsetjing

Del III i lovforslaget er ei føresegn om ikraftsetjing, og går ut på at alle endringane med unntak av endringa i straffeprosesslova § 102 tek til å gjelde straks. Endringa i straffeprosesslova § 102 er knytt til ein del av den same føresegna som ikkje er i kraft, og som vil tre i kraft «fra den tid Kongen bestemmer». Endringa i § 102 bør tre i kraft samstundes med den delen av § 102 som ho er knytt til.

Departementet har ikkje funne det naudsynt med særskilte overgangsreglar. For endringa i straffelova § 132 a visast til straffelova § 3. Endringane i straffeprosesslova er av prosessuell karakter, og krev ikkje eit særskilt skjeringstidspunkt med omsyn til når dei skal ta til å gjelde.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i straffeprosesslova m.m. (sakshandsaminga i Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker m.m.).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i straffeprosesslova m.m. (sakshandsaminga i Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i straffeprosesslova m.m. (sakshandsaminga i Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker m.m.)

I

I straffelova 22. mai 1902 nr. 10 blir det gjort følgjande endringar:

§ 132 a andre ledd skal lyde:

- Med aktør i rettsvesenet menes den som
- a) har anmeldt et straffbart forhold, *har begjært gjenopptakelse av en straffesak* eller er *part i en sivil sak*,
 - b) har avgitt forklaring for politiet, *for retten eller for gjenopptakelseskommisjonen*,
 - c) arbeider eller utfører tjeneste for politiet, påtalemyndigheten, domstolen, kriminalomsorgen eller *gjenopptakelseskommisjonen*,
 - d) er forsvarer, bistandsadvokat eller prosessfullmektig, eller
 - e) vurderer å foreta en slik handling eller å påta seg et slikt arbeid eller en slik tjeneste.

§ 408 andre ledd skal lyde:

Dog blir forseelser etter § 391 a og etter § 404 alltid å påtale av det offentlige, når det finnes påkrevd av allmenne hensyn.

II

I straffeprosesslova 22. mai 1981 nr. 25 blir det gjort følgjande endringar:

§ 102 andre ledd skal lyde:

Kongen kan gi nærmere regler om påtalemyndighetens oppnevning av forsvarer, herunder om rett til å bringe påtalemyndighetens avgjørelse inn for tingretten.

Det som er andre ledd i dag blir tredje ledd.

§ 395 andre ledd skal lyde:

Kommisjonens leder utnevnes av Kongen i statsråd for en periode på 5 år uten adgang til gjenutnevning. Kommisjonens øvrige medlemmer og varamedlemmer oppnevnes av Kongen i statsråd for en periode på 3 år med adgang til én gjenoppnevning. Dersom kommisjonen ellers ikke vil være vedtaksfør, kan stedfortredere for kortere tid eller for en enkelt sak oppnevnes av departementet. *Det kan kreves utstedt uttømmende politiattest for lederen, nestlederen, medlemmene og de ansatte i kommisjonen og for andre som utfører arbeid eller tjeneste i saker for kommisjonen.*

§ 397 andre og tredje ledd skal lyde:

Kommisjonen kan oppnevne offentlig forsvarer for siktede når særlige grunner tilsier det. Reglene i §§ 101–107 gjelder i så fall tilsvarende. *Kommisjonen kan oppnevne bistandsadvokat for fornærmede etter reglene i §§ 107 a–107 d så langt de passer. Kommisjonens beslutninger etter § 78 andre ledd om godtgjørelse til forsvarer og bistandsadvokat er endelige.*

Gjelder begjæringen en avgjørelse som etter sin art ikke kan gjenopptas, eller inneholder den ingen grunn som etter loven kan føre til gjenopptakelse, kan kommisjonen uten nærmere behandling forkaste begjæringen etter reglene om kjennelse. Det samme gjelder hvor begjæringen av andre grunner åpenbart ikke kan føre frem. Avgjørelsen kan tas av kommisjonens leder eller nestleder. *Når en avgjørelse etter første punktum ikke byr på tvil, kan den treffes uten annen begrunnelse enn en henvisning til bestemmelsen her.*

§ 398 tredje ledd skal lyde:

Når det er strengt nødvendig for å unngå fare for en alvorlig forbrytelse mot noens liv, helse eller frihet, kan kommisjonen nekte domfelte og forsvareren innsyn i opplysninger. Før avgjørelsen treffes, skal kommisjonen innhente uttalelse fra politiet.

Det som er tredje ledd i dag blir fjerde ledd.

§ 399 skal lyde:

Reglene om kjennelse gjelder for kommisjonens avgjørelse av om gjenopptakelse skal tillates. Fem medlemmer hvorav tre med juridisk embetseksamen avgjør om begjæringen skal tas til følge. Reglene i § 54 får ikke anvendelse. *Kommisjonen kan omgjøre en avgjørelse om gjenopptakelse når den som har begjært omgjøring trekker begjæringen og § 400 tredje ledd ikke er til hinder.*

§ 400 andre og tredje ledd skal lyde:

Er dommen som skal gjenopptas avsagt av tingretten, sender kommisjonen sin avgjørelse til lagmannsretten, som peker ut en tingrett med tilgrensende rettskrets til å behandle *saken*. Er dommen avsagt av lagmannsretten, sender kommisjonen sin avgjørelse til Høyesteretts kjæremålsutvalg, som peker ut en lagmannsrett med tilgrensende rettskrets til å behandle *saken*. Er dommen avsagt av Høyesterett, behandles saken på nytt av Høyesterett. *Dersom særlige grunner taler for det, kan*

saken henvises til ny behandling ved en domstol som ikke har tilgrensende rettskrets.


Er gjenopptakelse besluttet, kan den part som har begjært gjenopptakelse, trekke begjæringen tilbake inntil hovedforhandlingen begynner, og når motparten samtykker, inntil den er avsluttet. Når en begjæring om gjenopptakelse fra påtalemyndigheten til gunst for en domfelt er tatt til følge, og den domfelte er underrettet om avgjørelsen, kan påtalemyndigheten bare trekke begjæringen med samtykke fra den domfelte. Er saken innkommet til den rett som skal behandle den etter første og annet ledd, heves saken.

III

Ikraftsetjing

Alle endringane med unnatak av endringa i straffeprosesslova § 102 tek til å gjelde straks.

Endringa i straffeprosesslova § 102 gjeld frå det tidspunktet Kongen fastset.





Grafisk produksjon: PDC Tangen a.s

241 379
Trykksak